



Haugen Vva AS
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1688 - 18/24595

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
17.08.2018

Rammeløyve for etablering av teknisk infrastruktur VVA Nilshøyen bustadfelt - gbnr 172/66 Hopland

Administrativt vedtak. Saknr: 412/18

Tiltakshavar: Seim Bygg AS
Ansvarleg søkjar: Haugen Vva AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om rammeløyve for etablering av teknisk infrastruktur, veg-, vatn- og avlaupsanlegg, for reguleringsplan Nilshøyen/planid.: 1263-201101.

Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid i samband medetablering av følgjande tiltak:

- Bygging av ny tilkomstveg KV2 og KV3 frå Lurevegen.
- Bygging av ny tilkomstveg KV4_snuhammer frå veg til naust i Hoplandsvågen.
- Omlegging av to stk. ø160mm kommunal spillvassleidning frå Risåsen. Leidning med fall frå sør mot nord skal leggjast mellom tomt 2 og 3 (kum S11-S4). Leidning med fall frå aust mot vest skal leggjast mellom tomt 4 og 5 (kum S7-S4).
- Vass- og avlaupsanlegg for bustadfeltet, samt tilkopling til kommunalt nett.

Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 31.05.18 og supplert 06.07.18.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 19.06.18. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 05.07.18.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Nilshøyen/planid.: 1263-201101 er definert som bustadområde med tilhøyrande infrastruktur og grøntareal.



Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Statens vegvesen har i brev datert 06.07.18 svart på nabovarsling og gjort merksam på følgjande: (...)Vi minner om at dersom søknaden gjeld endra eller utvida bruk av avkøyrsløse, byggjegrense langs fylkesveg eller andre forhold som vedkjem vegvesenet sitt fagområde, skal vegvesenet som vegmynde ha saka tilsendt for uttale etter plan- og bygningslova, eventuelt for handsaming etter veglova(...).

Plassering

Plassering av vegar og tiltak på terreng er vist i situasjonsplan datert 07.05.18 (teikningsnr B01 Nilshøyen bustadfelt. VVA-anlegg – vegplan).

Plassering av trasé for vatn- og avlaupsleidingar er vist i situasjonsplan datert 07.05.18 (teikningsnr GH01 Nilshøyen bustadfelt. VVA-anlegg – Vann- og avløpsplan).

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentleg vass- og avlaupsnett.

Det ligg føre godkjent teknisk plan for vatn- og avløp, datert 18.05.18, i sak 18/1464.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Avkøyrsløse til offentlig veg følgjer av godkjent reguleringsplan. Før det vert gjeve igangsettingsløyve for tiltak innanfor planområdet skal det ligge føre godkjent løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse til FV 402.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering av tilkomstvegar, snuhammar, leidingstrasé. Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Avfallsplan

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Rekkefølgekrav:

Vi gjer merksam på at høgspantlina som kryssar planområdet i aust må leggjast om eller i kabel før tomt 11, 12, 14 og 15 med tilhøyrande leikeplass kan byggast ut, jf. § 2.7.1 i føresegna til planen.

Vidare gjer vi merksam på at det i anleggsperioden må setjast i verk tiltak som hindrar avrenning til Seimsbekken, jf. § 2.7.4 i føresegna til planen.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for etablering av teknisk infrastruktur innanfor reguleringsplan Nilshøyen/planid.: 1263-201101 for følgjande:

- Bygging av ny tilkomstveg f_KV2 og f_KV3 frå Lurevegen.
- Bygging av ny tilkomstveg f_KV4_snuhammer frå veg til naust i Hoplandsvågen.
- Omlegging av to stk. ø160mm kommunal spillvassleidning frå Risåsen. Leidning med fall frå sør mot nord skal leggjast mellom tomt 2 og 3 (kum S11-S4). Leidning med fall frå aust mot vest skal leggjast mellom tomt 4 og 5 (kum S7-S4).
- Vass- og avlaupsanlegg for bustadfeltet, samt tilkopling til kommunalt nett.

Påkobling til kommunalt nett må godkjennast av Teknisk drift ved VA-avdelinga.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan teikningsnr 18002-B01 datert 07.05.18 dagsett 31.05.18 og teikningsnr. 18002-GH01 datert 07.05.18 dagsett 31.05.18, krav om plassering er heimla i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vass- og kloakkanlegg i samsvar med godkjent teknisk plan for vatn- og avlaup. Det må søkjast om løyve til påkobling til kommunalt vass- og kloakkanlegg for kvar ny bustad som skal koble seg til.
3. Vegar og snuhammarar skal opparbeidast i samsvar med godkjent reguleringsplan.

Vi gjer merksam på at før det vert gjeve løyve til igangsetting av arbeid innanfor planområdet må det liggje føre løyve til utvida bruk av avkøyrsløse til FV 402 frå Statens vegvesen.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaka må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/1688

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Haugen Vva AS
Seim Bygg AS
Seim Bygg AS

Kanalveien 5 5068
Nesbrekka 28 5912
Nesbrekka 28 5912

BERGEN
SEIM
SEIM

Mottakarar:

Haugen Vva AS

Kanalveien 5 5068

BERGEN